

Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune

Dato: 05.09.2019  
Vår ref.: 2018/16811-17  
Dykkar ref.:

## **Innstilling - Val av revisor for Vestland fylkeskommune - Tilråding frå kontrollutvalet**

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune vedtok i møte 02.09.2019 slik innstilling til fellesnemnda i sak PS 87/19 Val av revisor for Vestland fylkeskommune – Tilråding frå kontrollutvalet:

### **Handsaming i møtet**

Kontrollutvalet vedtok samrøystes at fellesinformasjonen i denne saka delvis vert handsama for lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 2, då det kom fram teiepliktige opplysningar i møtet.

Sekretariatet presenterte resultatet av evaluering av dei innkomne tilboda på revisjonstenester til Vestland fylkeskommune, forslag til val av revisor og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Presentasjonen vart gjort i eit felles video-møte med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Etter felles drøfting vart kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune samde om å tilrå at fellesnemnda vel Deloitte AS som revisor for Vestland fylkeskommune frå 01.01.2020 til 30.06.2024.

Etter dette vart slik innstilling samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.01.2020 til 30.06.2024.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Arkivnr: 2018/16811-14

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval           | Saknr. | Møtedato   |
|-----------------|--------|------------|
| Kontrollutvalet | 87/19  | 02.09.2019 |

## Val av revisor for Vestland fylkeskommune - Tilråding frå kontrollutvalet

### Bakgrunn for saka:

Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune gjorde slikt vedtak 21. september 2018 vedrørende sak om kjøp av revisjonstenester i den nye fylkeskommunen:

«Vestland fylkeskommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.

- *Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020.*
- *Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.»*

Konkurransegrunnlaget for kjøp av revisjonstenester vart godkjent av kontrollutvala i begge fylkeskommunane 11. februar 2019.

Konkurransegrunnlaget vart deretter kunngjort på relevante databasar for denne konkurransen. I konkurransegrunnlaget gjekk det fram at tilbodet m.a. skal innehalde tilbod om levering av rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte oppdrag i perioden 01.01.2020 til 30.06.2024.

Vidare går det fram av konkurransegrunnlaget at det vert lagt til grunn at særskilte kvalifikasjonskriterium må vera oppfylte for at tilbydar skal verta vurdert som eigna.

Konkurransegrunnlaget legg også til grunn at tildeling av kontrakt vil skje på grunnlag av det økonomisk mest fordelaktige tilbodet, der ein tek omsyn til følgjande kriteria:

- 40 % Pris (fastpris og timeprisar)
- 30 % Kvalitet (Løysing og forståing av oppdraget)
- 30 % Kompetanse

Anbudsfrist vart 11. april kl. 12.00. Opning av tilboda vart gjort 11. april kl. 12.00. Tilstades ved opning av tilboda var Kjersti Døssland, Roald Breistein og Einar Ulla.

#### Drøfting:

Ved utløpet av fristen var det kome inn tilbod frå 2 tilbydarar. Tilbydarane var begge kvalifiserte og evaluering av tilboda starta. Kontrollsjefen i Sogn og Fjordane fylkeskommune har saman med sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune gjennomgått og evaluert dei innkomne tilboda. I dette arbeidet har sekretariatet nytta innkjøpsseksjonen i Hordaland fylkeskommune som rådgjevarar. På bakgrunn av den gjennomførte evalueringa vart det gjennomført arbeidsmøte med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune 28.05.2019. Tilsvarande arbeidsmøte vart gjennomført med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 12.06.2019. I desse arbeidsmøta presenterte sekretariatet forslag til evaluering av dei innkomne tilboda og kontrollutvala tok presentasjonen til orientering.

Sekretariatet har no førebudd sak til kontrollutvala der utvala skal innstilla overfor fellesnemnda på val av revisor for Vestland fylkeskommune frå 01.01.2020. Det er fellesnemnda som skal gjera det endelege vedtaket. Detter er regulert i Reglement for fellesnemnda punkt 14 som vart vedteke 27.10.2017, som lyd slik:

*«Fellesnemnda får mynde til å tilsetje administrasjonssjef, samt velje sekretariatsordning for kontrollutvalet, revisjonsordning og revisor.»*

Sekretariatet vil i møte 02.09.19 presentere munnleg forslag til kven Vestland fylkeskommune bør velgja som revisor. Det vil også verta presentert ei grunngjeving i høve dei 3 tildelingskriteria som ligg til grunn i konkurransegrunnlaget. Ein slik presentasjon vil også fellesnemnda kunne få når dei skal handsame saka, dersom det er ønskjeleg.

#### Konklusjon:

På bakgrunn av det som kjem fram i dette saksframlegget, og ut frå det som vert presentert i møtet, vert kontrollutvalet tilrådd å kome med innstilling til val av revisor for Vestland fylkeskommune frå 01.01.2020 til 30.06.2024.

#### **Forslag til innstilling**

Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune vel ..... som revisor frå 01.01.2020 til 30.06.2024.

#### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.09.2019**

#### **Handsaming i møtet**

Kontrollutvalet vedtok samrøystes at fellesinformasjonen i denne saka delvis vert handsama for lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 2, då det kom fram teiepliktige opplysningar i møtet.

Sekretariatet presenterte resultatet av evaluering av dei innkomne tilboda på revisjonstenester til Vestland fylkeskommune, forslag til val av revisor og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Presentasjonen vart gjort i eit felles video-møte med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Etter felles drøfting vart kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune samde om å tilrå at fellesnemnda vel Deloitte AS som revisor for Vestland fylkeskommune frå 01.01.2020 til 30.06.2024.

Etter dette vart slik innstilling samrøystes vedteke.

**Innstilling**

Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.01.2020 til 30.06.2024.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*